

Kyrkjeblad for Fjaler

Nr. 4 desember 2008

66. årgang



*Stjerna leidde
sent og visst
vise menn til
Jesus Krist.
Vi har og
den same stjerna;
vil me berre
fylgja gjerna,
fann me til
vår Frelsar fram.*



STØRST AV ALT

BARNDOMSPERLETTING FOR BARN OG VAKSNE

God jul og godt nytt år!

Alt er muleg.....

Dei sa det då Berlinmuren vart riven i 1989, etter at hovudstaden og det tyske folk hadde vore delt i årtier og etter at fleire tusen menneske hadde vorte drepne i forsøk på å krysse den forhatte grensa: "Alles ist möglich!"

Dei sa det den natta då USA nett hadde valt sin første svarte president; den 4. november 2008. Barack Obama uttrykte det slik til ei jublande folkemengd i Chicago: "Dei som har tvilt på at alt er muleg i Amerika, kan sjå på kva som her har hendt og tenkje seg om ein gong til. – All things are possible!"

Den store, enkle juleforteljinga er ein bodskap om at det umulege var muleg.

Himmelsk lysning over jordisk nattemørker.

Fattig ungjente mor til verda sin frelsar. Jomfrufødsel.

Gudsendt gladmelding til trøytt sauegetarar.

Lovsong og engledans over karrige beitemarker.

Storleg undring; angst og uvisse – inntil Betlehemstjerna viste veg og dei fann fram.

Til stolte foreldre, som kunne senke skuldrene i stor lette.

Medan Guds barnet i krybba skreik og smilte – på babyars vis.

Og Guds barn vart vårt barn; ei julegåve til oss; eit nytt livsteikn



ovanifrå; ei raus, frelsande kjærleiksgåve.

"For Gud er alt muleg", som Skrifta seier.

For oss kan den store julegåva, der det umulege vart muleg, bli ei utfordrande gåve:

Gi av seg sjølv. Dele med andre det beste du har sett og fått og opplevd.

Bli som barn; tillitsfull og forsonleg; sugen på å bli sett og verdsett; takksam og raus med kjærteikn.

Stole på englevakt. Sjå etter stjerneskinnet – i lysglansen frå den store julenattstjerna.

Leve med høg himmel over alt vårt

som kjennest lågt og smått, trongt og mørklagt.

Samle seg om noko av det viktigaste, som held på å bli gløymt eller tilsidesett: Gleda og julefred.

Late god forventning kome innanfor skalet av travelheit og overflatisk fjas. Og kople seg til Betlehems-hendinga. Late høgtid vere høgtid. Late det heilage vere annleis. Late lovsongen få rom til å stige i undrande, tilbedande takksemnd.

Juleglede er muleg. Julefred er muleg. Gleda og freden er i slekt. Dei kan komme krypende tett saman som i den første julenatta.

Gud er ikkje for stor på det til å kunne bøye seg

ned til små menneske.

Du er ikkje for stor til å kunne vere barn; Guds barn.

Du er ikkje for liten til å kunne vere ein av Jesu venner; ein som kan skape gjenskin av det store lyset og trø med kjærlege steg.

Til Guds ære; ikkje til ære for julenissen eller for ribbefeittet eller for alt for dyre julepresangar.

Til Guds ære – og til glede for menneske som treng oss. Det er muleg.

Ja, "Ære vere Gud i det høgste" – og fred på jorda og fred i hjarta, blant jordnære menneske som Gud er glad i og som veit at dei er skapt til å vise kjærleik – også når julekvelden er forbi.

sjå innom nettsida vår:

www.fjaler.kyrkja.no

På Kyrkjebakken

JULEKONSERT i Dale kyrkje

Dale har den tradisjonelle julekonserten tysdag 16. desember kl. 19.30 med Cantus, Dekor, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag, Flekke og Straumsnes Musikkorps, Lagopus og Kantor Mark Taylor. Blandakora samarbeider i vakre arrangement til nokre av allsongane. I tillegg til O helga natt og eit Elvis-nummer med Leif Gunnar Igelkjøn har Cantus fellesnummer med Dalsfjorden Spelemannslag og Dale Musikkorps. Det blir mange kjende og kjære julesongar, både som innslag og allsong, slik at det blir vanskeleg å unngå å kome i julestemning denne kvelden! Vel møtt.

SYNG-MED-OSS I FOLKESTAD

På Syng-med-oss kvelden i Folkestad kapell søndag 25. januar kl. 19.00 kjem Fure og Våge Songlag med korsong. Som vanleg blir det allsong og "den ypperligste kveldsmaten i Fjaler" servert av soknerådet til ein rimeleg pris. Vel møtt!

Vinterfest i Fjaler TAIZÉGUDSTENESTE I GUDDAL KYRKJE

Søndag 8. mars kl. 11.00 inviterer Guddal familiekor til Taizé-gudsteneste i Guddal kyrkje. Musikken og songen blir roleg og var for å skape ei meditasjonsstemning etter modellen frå det økumeniske Taizé-samfunnet i Frankrike som starta som ei fredsrørsla etter andre verdskrigen. I Taizé har det alltid vore viktig med samanhengen mellom bøn og solidaritet, men songane leier oss også inn i felleskap med Gud. Gudstenesta er difor prega av song og bøn, med litt tekstlesing til ettertanke inn imellom. Songane frå denne vakre opplevinga vil klinge i hjartas stillheit lenge etter at gudstenesta er ferdig. Vel møtt!

SYNG-MED-OSS I DALE

I Dale kyrkje søndag 8. mars kl. 19.00 inviterer Cantus til Syng-med-oss kveld som sitt bidrag til Vinterfest i Fjaler. Det blir mange fine songar inkludert nokre av Elvis sine salmar og songar med solist Leif Gunnar Igelkjøn, samt keltiske folketonar. På sjølvaste kvinnedagen må vi også inkludere nokre songar som kvinner har skrive.

Etterpå inviterer Cantus til ein enkel kveldsmat på Ljosheim. Vel møtt!

HJARTELEG TAKK FRÅ OSS SOM BRUKAR LJOSHEIM ☺

for 31.510 kr som kom inn på årets Ljosheimsbarsar 12. oktober. Pengane er i ferd med å bli brukt til oppussing av det doble toalettet i kjellaren. Der har det i lengre tid vore problem med dei to toaletta – som toppa seg med vasslekkasje akkurat på basardagen. Takk til ALLE som gav gevinstar, selde lodd, kjøpte lodd og hjelpte til før og på basaren – og ikkje minst: Takk til Hilda Haugen for initiativ og flott innsats nok ein gong. if

TAKK

Styret for Folkestad bedehuskapell takkar alle som har gitt minnegåve til kapellet i samband med gravferd og ynskjer alle ei fredeleg julehelg.

TAKK TIL DO RE MI

for fine juleteikningar! Dessverre var det ikkje plass til alle i bladet, men alle saman blir utstilt i Folkestad kapell i heile desember. Bileta på framsida er teikna av Ingunn Hofland og Rose Sofie Folkestad.

TAKK TIL DALE BYGDEKVINNELAG

som pynta kyrkja så fint til hausttakkefesten



HJARTELEG TAKK TIL ELSE KARIN HANSSEN!

Vi takkar hjarteleg Else Karin Hanssen for tenesta ho har hatt med stell og pynting av altaret i Dale kyrkje. Else Karin overtok denne jobben etter Laura Grøvlen tidleg på 90-talet.

Vi gratulerer henne med overstått 70-års dag og ønskjer alt godt som pensjonist.

Else Karin vil framleis ha ansvar for pyntinga ved minnesteinen over falne under 2.verdskrig som møter oss når vi kjem inn porten til kyrkja. Som mange veit, er far hennar ein av dei som står oppført på minnesteinen.



Gutelaget "Utsideskudd*FLEX*. Bak frå venstre: Even Åsnes Flekke, Tom-Inge Nedrebø, Sebastian Mikkelsen Madsen, Dennis Ottesen Lien. Framme frå venstre: Sondre Baug Barsnes, Jantsen Øverås.



Sokneprest Knut Arne Kummeneje og Thea Magdeli Hopland Våge i kroa nede i Førdehuset.



MORO PÅ NATTCUP

Fredag ettermiddag, 24. oktober, reiste konfirmantane og vaksne leiarar til nattcupen i Førdehuset. Denne gongen fekk ingen lov å leggje seg for tidleg. Vi skulle vere oppe heile natta. Nokre skulle spele fotball. Andre skulle heie. Elles fekk konfirmantane møte fleire hundre andre konfirmantar, i hovudsak frå Sunnfjord, men også nokre frå Sogn. Etter opninga kl 19, bar det i veg med fotballkampane. Fjaler stilte med to jentelag og to gutelag. Klokka

24 var det kampstopp. Då var det leikar, underhandling og andakt. Det er ikkje lett å halde andakt for 450 konfirmantar, men Erling Nydal klarte det veldig bra! Han snakka mellom anna om songen "Amazing grace" og livet til forfattern John Newton som segla med slaveskip til Amerika, og korleis desse opplevingane hans med mishandling av menneske forandra livet hans totalt. Desse erfaringane gjorde at salmen blei til.

Det som gleda spesielt i år, var at Fjalerkonfirmantane var så aktive og kreative på Solidaritetstorget der dei skulle lage bodar og samle inn pengar til KFUK-KFUM sitt arbeid. Alle tre bodene gjekk veldig bra!

Det var ein trøytt, men nøgd gjeng som reiste heim på morgonkvisten. At helga blei ein time lenger då klokka blei stilt tilbake, gjorde absolutt ingen ting.



"Jesus på korset" var ei av bodene under Solidaritetstorget der deltakarar skulle teste kor lenge dei kunne stå med armene rett ut til sidene og halde bøtter med vedkubbar i. Vinnaren fekk premie. Frå venstre ser vi "deltakaren", så Silje Selvåg, Lisa Lykkebø, Rebekka Ullebø, Ine Osland, Katrin Bjørvik Eldevik (framme).



Konfirmantane frå Våge hadde bollesal. Her ser vi frå venstre Lillian Holstad og Sondre Baug Barsnes. Til høgre ser vi ein av kundane. Frå naboboda ser vi frå venstre Silje Selvåg, Rebekka Ullebø og Hilde Hovlandsdal.



"Tipp kor mykje snop det er i glaset?" var ei av utfordringane under Solidaritetstorget. Frå venstre ser vi Linda Marie Leirpoll, Katrin Bjørvik Eldevik, Gina Dorothea Garre-Fivelsdal, Amalie Bjørvik Myklebust og Mariell Buttedal Myklebust. Lenger bak ser vi Silje Selvåg, Lisa Lykkebø og Ine Osland.



Jentelaget "B-gjengen" gjekk vidare frå gruppespelet, og tapte knepent mot Jølster som vann heile turneringa. Frå venstre: Sandra Brattelid, Lisa Lykkebø, Ine Osland, Rebekka Ullebø, Marte Haugsbakk og Margrethe Stølen Skår.



Gutelaget "Fotballaget". Bak frå venstre: Håvard Skaar, Gard Nedrebø, Lars Henning Bratland. Framme frå venstre: Adrian Solheim Hansen, Torgeir Espedal, Sigbjørn Mjellem Christiansen.



Jentelaget "Pink ladies". Bak frå venstre: Gina Dorothea Garre-Fivelsdal, Mariell Buttedal Myklebust, Linda Marie Leirpoll og Amalie Bjørvik Myklebust. Framme frå venstre: Linn Marita Skiftesvik Høyvik og Katrin Bjørvik Eldevik.



Klokka 24 var det kampstopp for å gje plass til leikar og andakt. Her ser vi Håvard Skaar (til høgre) som deltakar i ein konkurranse på scena.

Julegåver

med litt ekstra omtanke

Synest du det er vanskeleg å kjøpe julegåver? På denne sida finn du eit utval miljøvenlege gåveidear.



Abonnement på kyrkjebladet

Kjenner du nokon som har flytta vekk frå Fjaler? Kva med å gje dei eit abonnement på Kyrkjebladet? For folk busett utanfor Fjaler kostar det kr175 for eit årsabonnement (4 nummer). Ta kontakt med Irene eller Joy på kyrkjekontoret: tlf 57 73 63 30.



I TRIPP TRAPP- klubben får borna gode bøker, DVD-ar og CD-ar rett heim i postkassa. Dei blir kjende med forteljningane i Bibelen, med kveldsbøner og mange fine barnesongar. Bøkene finst på bokmål og nynorsk. Innmelding på www.iko.no eller hent ein brosjyre på kyrkjekontoret.

Kristne bøker, både for born og vaksne finn du på www.iko.no. Du kan også bestille dei hos Dale Bok og Papir, viss du vil handle lokalt.

Julegåver til andre gode føremål

Kirkens SOS Bjørgvin konto nr.: 3624.58.80191
 NMS kyrkjelydens eige prosjekt i Mali: 8220 02 85030 prosjekt 110629
 Kirkens Nødhjelp gåvekonto: 1594 22 87248
 Familie og Media gåvekonto: 3000.14.66824
 Alværa Misjonssenter: 8220 02 85103 merk 301201
 Sogn og Fjordane søndagsskulekrins: 8220 02 81329

På <http://sjomannskirken.no>

kan du sende elektroniske julekort.

Bruk gråpapir i staden for vanleg julepapir!



Bare fantasien set grenser for kor fin pakken blir, og det som ikkje kan sparast til neste år, kan du leggje i den blå dunken til resirkulering. Vanleg julepapir må i restavfallet, då det inneheld for lite fiber og for mykje farge til at det kan resirkulerast. Besteforeldre m.m. set sikkert pris på julepapir som barna har pynta sjølv!

jt

Hugs NMS gjenbruksbutikken i Førde!

Opningstider: Måndag, tysdag, onsdag, fredag og laurdag: 1100 – 1500 Torsdag 1100 - 1800

Gåver som forandrar verda!

Til dei som har alt, kan du gje ein gris, solcellepanel, flaumsikring, såkorn, ein symaskin, eller til og med ein utedo! Du får eit fint kort med informasjon om gáva, som du kan gje til mottakaren, og Kirkens Nødhjelp passar på at gåvene går til folk som verkeleg treng dei. Bestill på www.gaversomforandrer verden.no.

Ute i siste liten?

Viss du vel e-postkort, kjem det med ein gong – til og med på julaftan!



Bestemors historie

Tre år gamle Martha har ingen mor eller far, men ho er likevel heldig. Ho har bestemor.

Tekst og foto: Anette Os

Det er grytidleg, og sola har enno ikkje stått opp, men ute i åkeren er bestemor Peris (66) i full gang med å plante. Jorda er knusktørr, og bestemor står berføtt mens ho jobbar. Ho tørkar sveitten i panna. På ryggen har ho vesle Martha, som klamrar seg fast til bestemor sin kropp. Dei to er tett knytte til kvarandre.

Den aldrande, men sterke kvinna har påtatt seg ansvaret for åtte små, foreldreause barn. Nokre av dei er Peris sine barnebarn, men ikkje alle. Ein ting har dei likevel til felles: Det er bestemor som gjer at verda framleis heng saman. Det er kjærleiken hennar som gjer at familien enn så lenge har nok mat.

Tørken har ført til matmangel i dei små, enkle hyttene på landsbygda i Kenya. Klimaendringar har gjort det vanskeleg for mange. Regnet kjem ikkje som det pleier, avlingane døyr, og ein får ikkje selt planter på marknaden. Inntektene skrumpar inn, og det er ein kamp for å få nok mat.

- Mitt høgaste ønskje er at barna ikkje skal gå svoltne til sengs. Eg lurar på når tida kjem, når eit barn vil døy i huset mitt, seier Peris.

Bestemora drømmer om ein lettare kvardag. Om regn. Om å få selje plantene på marknaden. Men mest av alt drøymer ho om nok mat til barna, og pengar til å betale skulepengar. Store draumar er det ikkje rom for, alt handlar om overleving.

- Eg græt mykje. Kor er regnet? Når det ikkje kjem, får eg ikkje selt plantene frå avlinga. Eg har ikkje råd til å betale skulepengane for barna og eg har ikkje råd til mat. Men eg deler det vesle eg har, og stoler på at Gud betaler meg tilbake ein dag, seier Peris og smiler.

Kirkens Nødhjelp støtter ein lokal organisasjon som satsar på jatrofaplanter som blir brukt til å lage biodiesel. Planten blir ikkje øydelagt av dyr og treng heller ikkje mykje vatn, og er noko familien kan klare seg med sjølv utan regn. Såleis er den ideell i område der matproduksjon ikkje er mogeleg på grunn av ustabil klima.

Huset der bestemora og dei åtte barna bur, er ikkje stort, men det er reint. Gardsplassen er feid og eigedommen er beskytta av eit gjerde av busker. Barna mjølkar de sju geitene og passsar på hønene. Dei hentar vatn frå brønnen og hjelper til i huset. Dei små barna jobbar mens dei har mindre barn på ryggen. Men det er ikkje berre jobb og alvor. Eit augneblikk arbeider dei hardt, det neste tergar de kvarandre, spring rundt og rundt huset og dei leiker med kvarandre. Ler og kniser. Vesle Martha liker å tvinne på skjerfet som bestemor har på hovudet. Det er så mjukt. Eller flette fingrane inn i bestemor sine varme, skrukkete hender.

- Barna held meg ung. Hjertet mitt følest lettare, og dei gjer meg



lykkeleg. Eg viser aldri barna at eg er bekymra, for det hjelper ingen. Etter ein lang dags arbeid er eg så sliten at eg gløymer å tenke på alle problema våre, og eg søv som eit barn om natta, seier Peris og smiler, mens ho held rundt Martha som sit på bestemor sitt fang.

Saman sit den vesle familien rundt det store bålet på gardsplassen. Trass i ein kvardag prega av hardt arbeid og slit, er stemninga i den vesle familien humørfylt. Barna lyttar med store auge når bestemor Peris fortel historier. Om den gongen ho møtte ei løve i skogen, ei løve som sparte livet hennar. Orda hennar er fulle av skjult kunnskap og erfaringar. Dei minste barna får seg eit bad, før dei må leggje seg. Kjærleiken hos den gamle gjer at familien fortset med å drøyme – om å få nok mat, om å få seg ei utdanning, bli doktor eller sjåfør. Dei har eit håp.

Takkofferet på julaften går til Kirkens Nødhjelp.
Kirkens Nødhjelp gåvekonto:
1594 22 87248

Gjevartelefon: 820 43 033
(100 kroner)



Jorden tar himlen i favn

Natten var bekmørk,
men ikke besatt.
Mennesker redde,
men ikke forlatt.
Stallen var liten,
kroppen så sliten
i Betlehems by.

Himlen ser jordens savn
Jorden tar himlen i favn.
Freden og gleden blir ett.
Et nyskapt under blir sett.
For et vakkert barn er født
under stjerner som skinner
mot støv og skitt, som minner
oss om at nå vi er her.

Smertelig, hjertelig er vi til stede
i gråten, i gleden og julefreden
som senker seg stille over den lille
i Betlehems by.
En nyvakt slekt, den synger
til byrden av det som tynger
kan lettes og slettes på ny.

Er dette sært?
Himlen ser jordens savn.
Jorden tar himlen i favn.
Det er nært og det er kjær!

Sigurd W. Sande

KIRKENS SOS i Sunnfjord: Vil du bli med som frivillig medarbeidar?

Kirkens SOS i Bjørgvin starta opp vaktrom i Førde (Vaktrom Sunnfjord) i februar 2008. Vi ønskjer å starte eit nytt 40 timars innføringskurs for nye medarbeidarar i Førde tysdag 17. februar 2009. Vi treng fleire frivillege medarbeidarar!

Kva er Kirkens SOS?

Kirkens SOS er ei diakonal krisetelefonteneste, med mange vaktrom rundt om i heile landet. Tenesta er døgnopen. Og den er anonym, både for innringarar og medarbeidarar.

Dei fleste som tek kontakt med Kirkens SOS er menneske som opplever einsemd, psykisk smerte og vanskar i sine relasjonar. Tenesta er sjølv-mordsførebyggjande. Alle medarbeidarar får trening i å vurdere risiko for sjølv-mordsfare og korleis ein skal takle dette.

Før ein går inn i tenesta må ein gjennomføre eit 40 timars innføringskurs. I tillegg kjem prøvevakter saman med erfarne medarbeidarar.

Å bli ein god samtalepartnar

Å vere medarbeidar i Kirkens SOS kan vere utfordrande, til dømes for eigne haldningar og kjensler. Men vi får god oppfølging, både undervisning og vegleiing så lenge vi er med i tenesta. Målet er at vi skal bli gode samtalepartnarar. Evna til å lytte og til å bry seg er viktigare enn å ha "riktige" svar. Du skal ikkje løyse problema til dei som ringjer eller skriv til Kirkens SOS.

Du kan få bety noko for andre menneske

Som medarbeidar får du høve til å bety noko for andre menneske. Du får høve til å gje nokon som slit med livet sitt litt varme og oppleving av å bli "sett", høyrte og lytta til, og gje dei høve til å utforske og reflektere over kjenslene sine. Kanskje vil du erfare at dei som tek kontakt blir lettare til sinns og får nytt håp og mot til å leve vidare med livet sitt. For meg fyller dette tenesta med mening og tru på at det eg gjer er viktig.

Vil DU bli med?

Vi sækjer vanlege menneske. Har du tid – og er du i ei fase i livet ditt der du kan gje litt av deg sjølv? Du må vere over 20 år og under 80. Du må tru så mykje på Gud, at du kan be ei bøn dersom den som tek kontakt ber deg om å gjere det.

Dersom du vil vite meir eller melde deg som frivillig medarbeidar i Kirkens SOS i Sunnfjord, kan du ta kontakt med:

Kirkens SOS-kontoret i Bergen:
telefon 55 32 58 45

eller du kan ringje

Eli Johanne
Hegrestad:
telefon
41 68 18 89
(eg er tilsett av
Kirkens SOS
Bjørgvin ved
vaktrommet i
Førde).



Biskopen takkar for fylgjet

Bispetenesta mi her i Bjørgvin er i ferd med å ta slutt. Eg har passert aldersgrensa etter 14 år i bispestolen. No skriv eg for å takke for fylgjet, med bøn om signing for all god gjerning.

Mest alle spør om det er vemodig å slutte. Svaret er ja. Det er eit privilegium å få gjere teneste i Bjørgvin. Uventa og utan atterhald er eg blitt tatt imot i svært ulike kringar. Breie lag av folket spør etter biskopen som støtte for saka si. Biskopen er ein leiar ein kan ergre seg over og til tider vere stolt av. Det er ikkje det same for folk korleis han markerer seg. Mange kjenner seg stadfesta når dei opplever at biskopen lukkast.

Titusener av handtrykk har det blitt i kyrkjedører på Vestlandet og i sjømannskyrkjer over heile verda. Eg var der som symbolfigur og som ei stadfesting på det å bli sett. Men fyrst og fremst var eg der som sendebod frå Gud med godt nytt i ei rufsete tid.

Somme har eg såra undervegs. Dei opplevde seg som taparar når eg skar gjennom. Det er eg lei for. Dei venta betre frå kyrkja sin fremste representant. Som biskop har eg mitt å be om orsaking for. Det vil alle skjønne. Eg sjølv, framfor nokon.

Eg kom frå sjelesorga til bispestolen. Det er samtale og relasjonsarbeid eg har halde på med så lenge eg har vore prest. I dei gode stundene vonar eg det har prega bispegjeringa òg. Eg har trivst som biskop, sjølv om leiarrolla har hatt kostnader.

Der er dei som seier at eg har vore ein tydeleg biskop. Det er meint som eit kompliment, som eg takkar



for. Men det har vore utfordrande å vere faneberar når ein er skapt til å vere bæreberar. Det er mykje i livet som er sårbart og som ikkje går opp. No vil eg søkje attende til sjelesorga. Eg vil vitne om vona og Guds nærvere i det skjøre og uferdige.

I arbeidet mitt som biskop har Else Liv har vore med meg heile vegen. Dei som kjenner meg, veit kor mykje det har hatt å seie. No har vi slått oss ned på hennar og min far sine heimetraktar i Nordhordland. Vi blir framleis i Bjørgvin. Her vil vi gå til gudsteneste og her vil vi bygge kyrkjelyd! Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfylgd.

Ei varm takk til alle gode medarbeidarar, mest til dei av dykk som få ser, men som gjer ei eineståande teneste mellom små og store!

Gud signe Bjørgvin bispedøme – som har så mykje og som treng så mykje!

Ole D. Hagesæther

Bokomtale:

Kjære vakre Gud

Bønnebøker for barn skrevet av voksne finnes det en del av. Men hvordan høres det ut når barn fra hele verden får komme til orde med sine egne bønner? Et samarbeidsprosjekt mellom Samarbeidsråd for Menighet og Misjon (SMM) og IKO-forlaget har blitt til en vakker bok. I boka "Kjære, vakre Gud", nylig utkommet på IKO-forlaget, er det samlet bønner og tegninger laget av barn i fire verdensdeler. Alle bønnene er gjengitt både i håndskrevet original på barnets eget språk og på norsk, oversatt av norske misjonærer. Alt materiale i boka er nytt stoff, samlet inn gjennom misjonsorganisasjonenes samarbeidskirker, Samisk kirkeråd og St. Sunniva skole i Oslo. Målgruppa er primært barn, men passer for hele familien. Boka kan gi små og store en opplevelse av at de inngår i Guds verdensvide kirke, og samtidig vise at barn tenker likt – og ber om det samme – enten de kommer fra Norge, Bangladesh eller Mali. Det er ofte bare forutsetningene som er forskjellige.

Eksempler fra boka

"Jeg ber deg for denne dagen. Kjære, vakre Gud, jeg ber deg om at pappaen min ikke kommer enda senere hjem enn det han gjør." Ayde fra Bolivia


"Gud, vi takker deg fordi du gir oss styrke og helse. Jeg ber for alle barn rundt omkring på øya. Gjør oss ivrige til å lære her på blindeskolen". Lala fra Madagaskar

"Jeg ber om at du må hjelpe meg, slik at det går bra på skolen. At du gir meg kraft, så jeg kan flyttes opp i neste klasse og ikke må gå om igjen. Jeg ber om at du må hjelpe meg i løpet av skoletida. I navnet til din elskede sønn, Jesus. Amen". Madeleine fra Mali

Boka koster kr. 158 + porto og kan bestilles fra NMS' Infosenter, Postboks 226 Sentrum, 4001 Stavanger. Telefon 51 51 61 00 E-post: infosenter@nms.no

6-åringar i kyrkja

I år var det første året vi inviterte alle borna som går i 1.klasse til ei fellessamling i Dale kyrkje: Laurdagen før 6-årsboka "Tre i eitt tre" vart delt ut i Dale kyrkje og Hellevik bedehusapell. Her var det song, leik, forteljing og øving til familiegudstenesta dagen etter, og barna ga utrykk for at dette var veldig kjekt. Her ser du fleire bilde frå fellessamlinga i Dale kyrkje 20.september, og eit frå utdeling på Hausttakkefesten i Dale.



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

foto: JT



Barnas trygghet
- Foreldrenes ansvar!

Få mediekunnskap av BarneVakten

www.barnevakten.no

BarneVakten
Skjenet 2, 5353 Straume
Tlf: 56 31 40 50



Mini- konfirmantar!

I 2009 vil vi invitere 11-åringane med på fem samlingar som ein liten forsmak på konfirmasjonen.

Opplegget startar med ei samling der vi skal arbeide med gudstenesta der Det Nye Testamentet vert utdelt. Det startar på Ljosheim, **måndag 9.februar**, med ein liten varmrett kl. 14.45. Så går vi til kyrkja der vi skal førebu gudstenesta som er i Dale kyrkje **søndag 15.februar kl.11.00**.

Etterpå vert det tre samlingar på Ljosheim som vi har kalla "Den Store Forteljinga":

Torsdag 19. februar
kl 11.45 – 14.00

Torsdag 5. mars
kl 11.45 – 14.00

Torsdag 12.mars
kl 11.45 – 14.00

Samlingane startar med at vi et medbrakt nistepakke, drikke ordnar vi. Så skal vi høyre bibelforteljingar, sjå filmklipp frå Jesus sitt liv, danse og sy trekk til Det Nye Testamentet. Ja, og så vert det nok tid til litt leik i pausane. OBS! Dei som går på Flekke skule vert henta på skulen og køyrde til Dale. Heim att kan dei ta skulebussen.

Dei som soknar til Ytre Fjaler og Guddal, vil få invitasjon til denne trusoplæringa i 2010.


KAK og BK



**Leit og finn
julesongar!**

Her er det skult 16 kjende og kjære julesongar, som alle har vore brukt i julekonsertar i Fjaler. Du må leite alle vegar i tabellen, både oppover, nedover, bakover og på skrå. Send svaret til Fjaler kyrkjekontor, postboks 18, 6961 Dale, eller på e-post til kyrkje-sekreter@fjaler.kyrkja.no innan 6. januar. Vi trekkjer ut ein vinner som får bokpremie.

Å K O M N Å M E D L O V S A N G X T I J B R F T
M I T T H J E R T E A L L T I D V A N K E R A S
Ø R W V E A N R E J T S E R O T S N E D S E G E
E G S Y N G E R J O L E K V A D N J N V T A E F
G R Y B A C T C O Æ M U V I E A T E U G L E R E
N M S Y N K A P J V R T L Å O L R P J E M T E L
U T V B E Å J U L M E D D I N G L E D E T I R U
R Å S O R J T N M R T J O L E R L Æ R X E M D J
P L P N L B A A T I Å U G L H A Z Ø E R N A E L
S A G E T R V P Å M S K L U V S I C T A T N N I
E H N D E J L U V O R I M Ø K J B M N T V M H T
S O N R E I N A K N T E N N L Y S V A S R S I Å
O T A O S H L O L S L L L Y S F M N N A L A M N
R E B J I W J T I P U M B R P F A L E M N G M R
I N T R G M O R K V J A K A O G C N D Y B H E E
E D O E A Ø E Y P P E O I T L M H R I C A N L M
V D R G R S R O F H D L R E M A E K H E L Y B I
E B E I Y S E G L A A I H R E F N A T S T N L K
H E K L I N G N O K L O K K A G N E V O L N Å T
T A T I P E L N E G G U V R A V E B B Y R K N E
E E G E R S Å G L A D K V A R J U L E K V E L D
D R B D A G U N D M E L G A E O Q C F Y A N E D



Julenøtter



Hjelp Maria og Josef

Hjelp Maria og Josef å kome heilt fram til Betlehem.

Frå Bibelknask – IKO-forlaget

Oppløvingstur og korhelg

for kyrkjekoret Cantus vart det også denne hausten. Nærare bestemt 13.-14. september til Skjerjehamn. Ein flott, særprega stad gjennomprega av tradisjonssterk kystkultur og strålende haustvêr skapte ei fin ramme om samlinga. I tillegg til øvingane og tid til å bli kjende på staden og med den mektige statuen av kong Olav, underheldt vi på ein årsmålsfest laurdagskvelden og medverka under gudstenesta i Mjømna kyrkje om søndagen. Marie og Leif Gunnar var gode å ha som solistar – også der.

Sosialt og kjekt, nyttig og lærerikt, samansveisande og inspirerande. Slik skulle det vere. Og slik vart det. ss

Foto: Åsa og Hans Stav



JULEGLEDE som ikkje er pengekjøpt



Eg vil sitje roleg ned ved levande lys
og nynne at "det lyser i stille grender".
Eg vil lytte til gode tekstar og vare, vakre tonar
som det heldigvis finst mange av.
Eg vil sniffe etter lukt av nylaga julebakst
og bli full av desember – utan fyll.
Eg vil speide etter opne menneske,
som kan sjå kvarandre og har tid for kvarandre,
som kan kose seg på enkelt vis
og dele godene så vel som bekymringane med kvarandre.
Eg vil suge til meg alt som kan løfte og bere
– inn i ekte høgtid.
Eg vil heller vere overtruisk enn undertruisk;
sleppe englebodet om fred på jord
og himmelsk lys over Gud-sendt menneskebarn
inn i mørke, urolege, rimfrosne førjuls dagar.
Medan det syng inni meg:

Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik.
Men Jesu ble fattig, og jeg er blitt rik.



Dåpsskule

I august og september vart det gjeve tilbod om dåpsskule for 1.klassingane i Dale og 1.- og 2.klassingane i Ytre Fjaler. Sidan dette er eit nytt trusopplæringstiltak, var det ikkje så mange som deltok, men dei som var med let vel og såg ut til å like seg godt. Det var fire ulike tema: Skapinga, Jesus som vår ven, påske og nattverd. I tillegg til samlingsstunder hadde vi ulike formingsoppgåver, og så leika vi ein god del. Det siste var kanskje det mest populære!

Trusopplæringsmedarbeidaren Bente Kandal tok turen til Ytre Fjaler for å intervjuje to av dei som deltok på dåpsskulen i Hellevik kapell.

Namn: Eline Snekkevåg

Alder: 7 ½ år

Adresse: Snekkevåg, på Fure

Kva synest du var det finaste Gud skapte?
– Blomane og frukta. Dei var fine. Det var greitt at Gud skapte det.



Ei av historiene som står i Bibelen, handlar om at disiplane ville vise vekk mødrene som kom med borna sine. Då vart Jesus sint. Kvi for trur du han vart sint?


– Dei kunne berre komme inn. Han syns det var trist at borna ikkje skulle kome.

Jesus vil vere vår ven. Kva synes du om det?

– Han vil vere snill mot oss. Viss han hadde vore slem mot oss, hadde sikkert vi vore slemme mot han og.

Har du ein ven?

– Eg har litt mange vener eg. Torinn,



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

og så har eg Sunniva og Marlin, og den siste er Sabrina.

Kvi for er du ven med dei?

– Fordi dei er snille mot meg. Dei likar å leike med meg. Dei spør om eg vil sitje med dei.

Hugsar du kva som skjedde med Jesus i påska?

– Han hang jo på korset. Han klarte å komme seg av. Og så var det nokon damer som ville ta på han sånn salve.

Kva synes du var det finaste du fekk høyre om på dåpsskulen?

– Det var når vi var sånne dyr og så skulle dei andre prøve å gjette.

Kva var det kjekkaste av alt på dåpsskulen?

– To eller tre ting: Når vi såg på figurane, når vi rista på egg, og når vi teikna.

God helg! Kva skal du gjere på når du har fri?

– Eg skal på besøk til Salbu-besta.

Takk for at eg fekk intervjuje deg!

Namn: Daniel Kleppe

Alder: 7 år

Adresse: Brendehaug, i Hellevik

Kva synest du var det finaste Gud skapte?

– Veit ikkje. Men eg hugsar at dei to første menneska hette Adam og Eva.



Då du var baby vart du døypt, og då vart du Guds barn. Kvi for trur du at foreldra dine ville at du skulle bli døypt?

– Veit ikkje. Men eg veit kor eg vart døypt. Det var Hellevik.

Jesus vil vere vår ven. Kva synes du om det?

– Veit ikkje.

Har du ein ven?

– Ja, Ivar og Marius Haugen, på Lammetun.

Kvi for er du ven med dei?

– Fordi vi leikar så mykje i lag. Eg vart kjent med dei i barnehagen.

Hugsar du kva som skjedde med Jesus i påska?

– Han levde opp att. Og i jul då vart han fødd.

Kva synes du var det finaste du fekk høyre om på dåpsskulen?

– Då vi gjetta kva slags dyr dei andre var. Det var det kjekkaste og finaste.

Hugsar du andre ting vi gjorde på dåpsskulen?

– Eg hugsar at du las bok, tente lys, såpeboler, gjømsel og klipping.

God helg! Kva skal du gjere på når du har fri?

– Det er enkelt. Eg skal vere med pappa å grave grøft. Så skal eg leike med vinsj og trøtraktoren og slepe mykje tømmer.

Takk for at eg fekk intervjuje deg!

Nytt om gudstenestereforma

Bakgrunn

Ungdomens kyrkjemøte 2003 tok opp saka Hva slags gudstjeneste vil vi ha? (Sak UKM 05/03). Det blei startskotet for gudstenestereforma. UKM ba Kyrkerådet arbeide for ei meir fleksibel høgmesse- og gudstenesteordning. På Kyrkjemøtet i november 2003 var det ei plenumssamtale om reform av høgmissa. Då var det 25 år sidan den noverande høgmesseordninga blei innført (i 1978). Kyrkerådet organiserte reformprosessen tidleg i 2004, og arbeidet kom i gong på forsomnaren 2004.

Reformprosessen har ein tidshorisont fram til året 2010, då nye ordningar etter planen skal takast i bruk - 1. søndag i advent.

Hovudtrekk i reforma

- det skal bli slutt på forskjellige gudstenestetypar som høgmesse, familiiegudsteneste, familiemesse o.s.v. I staden skal vi ha ei gudstenesteform for folk i alle aldrar.
- **Involvering** er eit nøkkelord – både i planlegginga og gjennomføringa av gudstener - og fordrar inkludering av gudstenesteutval, medliturgar/ministrantar som deler oppgåver med presten og meir aktiv deltaking for heile kyrkjelyden.
- **Tilbake til røtene.** Reforma følgjer kyrkja globalt ved å forsøke å feire gudstener slik dei fyrste kristne gjorde, samtidig som det skal vere relevant for oss i dag. Vi følgjer Jesu ord framfor menneskelege tradisjonar som har utvikla seg i kyrkja over 2000 år.

Fjaler er ikkje høyringsinstans, men vi bruker likevel i dag eksisterande ordningar som peiker fram mot gudstenestereforma i 2010. I Fjaler førebur vi oss difor godt til å gjere overgangen til den nye reforma mjuk og smidig.

Fredshelsing – ikkje noko nytt!

Allereie ved martyren Justin (midten av 100-talet), kan vi lese at fredshelsinga er ein fast del av nattverdsgudstena og ho fortsette fram til reformasjonen på 1500-talet. Globalt har nesten alle kristne gjeninnført fredshelsing som ein fast del av gudstenestene sidan 1960-talet.

I motsetjing til mange andre kyrkjer, har fredshelsinga alltid vore med i Den ortodokse kyrkja og har vore ein viktig

del av gudstenestene i denne kyrkja – i alle år.

I Den Norske Kyrkja, også lokalt i Fjaler, har vi brukt fredshelsing i fleire år, t.d. på gudstener med biskopen (kantorigsling 2004 med ordning frå gudstenesteboka frå 1992), ved temagudstener på Nord/Sør-søndag (FN dagen med UWC/TV-aksjonen) og ved familiemesser – ei ordning som kom i 2003 og som vi bruker på gudstena med utviklingshemma kvar januar, og også – frå i år, på hausttakkefestane.



Kva er Fredshelsing?

Det er eit symbolsk handling der ein skiftar handtrykk med dei næraste ikring og seier "Fred vere med deg" eller "Guds fred."

1. Det er eit symbol på forsoning og tilgjeving etter Jesu ord:

Når du går fram til altaret med offergåva di, og du der kjem i hug at bror din har noko imot deg, så lat gåva di liggja framfor altaret og gå først og forlik deg med bror din. Så kan du koma og bera fram offeret ditt! Mt 5, 23-24.

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Frå Herrens bøn: Mt 6, 12.

Difor kjem fredshelsinga etter at vi har sagt/sunge Fader vår. Vi ber om tilgjeving i Fader vår og så viser vi med kroppen og ord at bønna vår ikkje er tome ord – vi vil ha fred med og tilgir våre medmenneske. Fyrst etter det er vi klare til å ete nattverdsmåltidet saman.

Fredshelsinga er difor eit sterkt symbol på den medmenneskelege (vassrette) dimensjonen i nattverdsmysteriet – å forbetre personlege forhold mellom kristne.

2. I Det Nye Testamentet er det mange eksempel på fredsskyss blant kristne som eit symbol på samhold, einskap og syskenkjærleik. Kyrkjelyden er ei stor familie i Kristus. Vi er alle døypte til å vera Jesu kropp i verda. Gud er vår Far og vi er sysken saman.

Paulus: *Hels alle syskena våre i trua med eit heilagt kyss!* 1 Tess 5, 26

Peter: *Hels kvarandre med kjærleikens kyss!* 1 Peter 5, 14

I vår kultur er kyssing avgrensa til ektefelle/kjæraste og dei nærmaste familiemedlemmene og eit handtrykk er den vanlegaste måten å helsa andre på. Difor skiftar vi handtrykk i kyrkja, men folk med nære relasjonar kan jo veksla fredsskyss der det er unaturleg for dei å skifta handtrykk (t.d. mellom ektefelle).

I alle fall må handlinga vere ekte og vise at vi meiner alvor ved å dele Guds kjærleik – det skal vere varme i eit handtrykk (eller ein klem) som kjem til utrykk i den populære songen til Sondre Bratland, "Gje meg handa di, ven":

Varme tankar og hender som trøystar, er som sol over frosen jord.

Kjenne varmen frå ein som er nær deg, gjev langt meir enn store ord.

3. Fredshelsing er og eit visuelt teikn på at vi som kristne vil fremje fred etter Jesus ønskje:

Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk! Joh 20, 21

Og Paulus oppmoda oss slik: *Lat oss difor streva etter det som fører til fred og til oppbygging oss imellom!* Rom 14, 19

Gjer alt de kan for å ta vare på ein-skapen i Anden, i den fred som bind saman. Ef 4, 3

I ei verd med strid og oppløysing er det endå viktigare at kyrkja er ein plass for felleskap.

Så lat oss dele Andens gåver som kjærleik og fred med kvarandre ved å bruke fredshelsinga.

Som Grundtvig skreiv i 1853:

Derfor med Guds-kjærligheten vokser opp om kapp Guds-freden. Vi skal også bli ved den ett med sjelens beste venn.

MT og KAK

Fyndord

GAVEN

DU ER IKKE SELV
DINE GAVERS GIVER

ALT HAR DU
TATT IMOT

DU ER GUDS GAVE
TIL DEG SELV


DØPT MED NAVNET
MENNESKE
Wera Sæther

DU er vilja av Gud!
DU er elska av Gud!
DU er verdifull!

*Velsigna julehøgtid med livsmot og glede frå
Irene*

Og for å avslutte med årets jubilent
Olav H. Hauge:

Det var lite for deg
men mykje for meg.
Eit smil då det galdt og
eit handtrykk var alt.



I kyrkjelyden sidan sist

Dale:

Døypte:

Oliver Nytingnes Høvik
Kristoffer Eiken Horstad
Emma Buttedal
Niklas Ulvik Nyland
Lucas Turøy Myklebust
(Døpt i Holmedal)
Steffen Quimado Helgesen
Adele Ulvik Alværen
Hedda Igelkjøn Åsnes
Julie Rivedal Åsnes

Avdøde:

Oddleiv Torvund	f. 1930
Else Marie Heggheim	f. 1917
Ragna Fagerheim	f. 1912
Reidar Vårdal	f. 1927
Jens Sigurd Tømmerbakke	f. 1910
Sverre Johan Stensæth	f. 1939

Folkestad:

Døypte:

Anders Håvik

Guddal:

Avdøde:

Klara Jofrid Yndestad	f. 1922
Peder Sigvald Svartefoss	f. 1915



Kirkens Nødhjelp støtter ein lokal organisasjon som satsar på jatrophaplanter som blir brukt til å lage biodiesel. Planten blir ikkje øydelagt av dyr og treng heller ikkje mykje vatn, og er noko familien kan klare seg med sjølv utan regn. Såleis er den ideell i område der matproduksjon ikkje er mogeleg på grunn av ustabil klima.

Offeret på
julaftan går til



**KIRKENS
NØDHJELP**

Gjensyn med Jessy Dixon!

Tysdag 3. februar held den verdskjende amerikanske gospelartisten Jessy Dixon konsert i Dale kyrkje med pianist Elsa Harris og kor-songarar frå Cantus, Guddal familiekor og UWC.

Når du høyrer Dixon live eller høyrer CD-ane hans, deltek du i ei eineståande og unik framføring. Ein prisbelønt songskrivar; Jessy har skrive tekstar til mange songar. Jessy Dixon fekk "Radio Mike Award" som

International Soul Male Artist of 2008 og er med i "Christian Music Hall of Fame". Blant dei som har spela inn Dixon sine songar er Bill Gaither, Amy Grant, Cher, Natalie Cole, Diana Ross og Randy Crawford. Jessy sin draum er å bryte ned murane som skil musikk-stilartar, og han er sett på som ein brubryggjar. Jessy har samarbeidd i mange år med venen Paul Simon frå duoen Simon and Garfunkel.

Som soloartist er Dixon kjend for å syngja songar som "It's A Highway To Heaven" og "Operator" i tillegg til låtar som "Lean on me" og "Bridge over troubled water" pluss dei tradisjonelle gospelsalmane som "Nærmere deg, min Gud" og "O store Gud". Dixon appellerer til folk i alle aldrar – gamle salmar for dei godt vaksne og kjarpe gospellåtar for dei yngre, slik at det blir vanskeleg å la vere å trampe takten med føtene eller klappe! Han har spela inn over 20 CDar med 3 Gold, 7 Grammy-nominasjonar, og ei rekkje andre awards.

Jessy er ordinert prest med doktorgrad i teologi og er regelmessig med på kjende TV-program og på konsertar og festivalar i alle verdsdelar. No kjem han til Dale for tredje gong.

Jessy seier sjølv "den største glede i mitt liv er å dvele ved kjærleiken til Den som gospel-musikken handlar om - "I Am Redeemed", og eg skal seie det".

Opplev han i Dale kyrkje tysdag 3. februar!

Billettsal:

Born under 12 år - gratis
Ungdom (12-16 år) - kr. 70,-
Vaksne - kr. 150,-



Jul – meir enn julaftan



Julaftan er jula sitt høgdepunkt, men nedteljinga og barna sine forventningar startar lenge før. Nedteljing er viktig for barn. Adventstida byr på mange mulegheiter til å førebu julehøgtida på ein meningsfull måte. Her er nokre tips:

Adventskrans: helst med fiolette lys, sidan fiolett er fargen kyrkja brukar i adventstida.

Julekrybbe: Her er det mange variantar å velje mellom. For eksempel julekrybber av papir der ein limer på ein figur for kvar dag. Nokre brukar og ei skikkeleg julekrybbe. Her kan ein setje inn ein ny figur kvar dag. Det er berre dei aller mest forseggjorte krybbene som har 24 figurar, men ein kan fylle på med kjøpte og eigenproduserte englar og sauer, slik at det blir nok. På julaftan, når jula vert ringt inn klokka 17.00 set vi Jesusbarnet på plass.

Vandring mot stallen: Ein annan måte å gjere dette på, er å la figurane vandre gjennom huset. Maria og Josef vandrar med eselet frå Nasaret, og når fram på vesle julaftan. Dei tre vise menn vandrar med kamelane sine frå den staden i huset som ligg lengst mot aust, og flytter seg litt kvar dag.

Julepynt og symbol:

Julepynt er ikkje berre fin å sjå på. Mykje av julepynten har også ein stor symbolsk verdi som peikar på det kristne innhaldet i jula.

- Juletreet skal minne om livets tre i Paradis. Tradisjonen med juletre stammar frå Tyskland. Dei første juletre kom til Noreg midt på 1800-talet, men juletre blei først vanleg her i landet rundt 1900.
- Stjerna symboliser stjerna som viste vegen til Betlehem og stallen der Jesus-barnet vart fødd.
- Englane minner om englane på Betlehemsmarkene og englane som var bodberarar til Josef og Maria.
- Halm er mykje brukt til julepynt og er til minne om Jesusbarnet, som eit av dei fattige barna, blei lagd i krybba, på stråa der.
- Julegåvene er til minne om at dei tre vise mennene hadde med gaver til Jesusbarnet.

Av: IKO - utdrag frå InTro 2006

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Søndag 14. desember kl.11.00

Høgmesse ved Erling Nydal og Taylor. Dåp og nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

Tysdag 16. desember kl.19.30

Julekonsert. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

Julaftan kl.16.00

Familiegudsteneste ved Sande og Taylor. Barnekoret deltek. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp -.

1. juledag kl.12.00

Høgtidsgudsteneste ved Sande og Taylor. Cantus og Dale Musikkorps deltek. Offer til Landsbyutvikling i Mali – NMS.

Nyårsaftan kl.17.00

Kveldsmesse ved Kummeneje og Taylor.

Søndag 18. januar kl.11.00

Familiemesse ved Sande og Taylor. Konfirmantband og utviklingshemma deltek. Dåp og nattverd. Offer

Søndag 1. februar kl.11.00

Høgmesse ved Sande og Taylor. Nattverd. Offer.

Tysdag 3. februar kl.19.30

Gospelkonsert med Jessy Dixon, Elsa Harris og lokale kor. Billettsal.

Søndag 15. februar kl.11.00

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av Det Nye Testamentet til minikonfirmantane. Bente Kandal og Dale barnekor deltek. Offer.

Søndag 1. mars kl.11.00

Høgmesse ved Sande og Taylor. Nattverd. Offer.

Søndag 8. mars kl.19.00

Syng-med-oss kveld under Vinterfest i Fjaler. Cantus deltek. Kveldsmat på Ljosheim. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

Søndag 15. mars kl.11.00

Høgmesse ved Kummeneje og Taylor. Nattverd. Offer.

GUDDAL KYRKJE

Julaftan kl.13.00

Familiegudsteneste ved Sande og Taylor. Familiekoeret deltek. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp.

Nyårsaftan kl.15.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor.

Søndag 11. januar kl.11.00

Høgmesse ved Kummeneje og Taylor. Familiekoeret deltek. Nattverd. Offer.

Søndag 8. februar kl.11.00

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av Det Nye Testamentet til 5. årssteg. Familiekoeret deltek. Offer.

Søndag 8. mars kl.11.00

Taizégudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Familiekoeret deltek. Nattverd. Offer.

FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

Julaftan kl.14.00

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp.

1. juledag kl.12.00

Høgtidsgudsteneste ved Kummeneje og Stav. Offer til Landsbyutvikling i Mali - NMS .

Søndag 25. januar kl.19.00

Syng-med-oss kveld ved Kummeneje og Taylor. Fure og Våge Songlag deltek. Kveldsmat. Kollekt til Fond for Kyrkjekonsertar.

Søndag 22. februar kl.11.00

Høgmesse ved Kummeneje og Eiken. Nattverd. Offer.

Søndag 22. mars kl.11.00

Høgmesse ved Sande og Eiken. Nattverd. Offer.

HELLEVIK BEDEHUSKAPPELL

Søndag 14. desember kl.19.00

Lysmesse ved Kummeneje og Taylor. Do Re Mi og konfirmantane deltek. Offer til Barne og ungdomsarbeidet.

Julaftan kl.15.30

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp.

Søndag 15. februar kl.14.00

Familiegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Utdeling av Det Nye Testamentet til 5. årssteg. Do Re Mi deltek. Offer.

ANDRE GUDSTENESTER**FJALER SJUKEHEIM****2. juledag kl.11.00**

Gudsteneste ved Sande og Stav. Nattverd.

LJOSHEIM**Søndag 28. desember kl.15.00**

Julefest. Laurdagsklubben deltek. Kollekt.

STRAUMSNES GRENDAAUS**Søndag 11. januar kl.14.00**

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Kyrkjekaffi. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

Fairtrade er ein merkeordning for ein garantert god handel mellom småprodusentar i u-land og forbrukare i Noreg.

MAX HAVELAAR

Sjå etter merket

Kyrkjeblad for Fjaler

Redaksjon: Sigurd Sande
Joy Taylor
Per Nistad

Redaksjon og ekspedisjon:

Kyrkjekontoret, p.b. 18, 6961 Dale
Kontonr. 3755.20.73135

Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s,
6863 Leikanger

Kyrkja i Fjaler

Heimeside: www.fjaler.kyrkja.no
Kyrkjekontoret, pb 18, 6961 Dale.
Tel. 57 73 63 30 - Faks 57 73 66 31
kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
kyrkjevevje@fjaler.kyrkja.no
knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no
sigurd.sande@fjaler.kyrkja.no
kantor@fjaler.kyrkja.no

Kontoret er ope

måndag-torsdag 9.00-14.00
fredag 9.00-12.00

Måndag er fridag for prestane.

Kantor har fri kvar torsdag

Privat-telefon

Sokneprest Knut Arne Kummeneje
tlf. 57 73 86 32/mobil 90 85 52 30

Seniorprest Sigurd Sande
tlf. 57 73 61 44/mobil 90 89 73 17

Kantor

Mark Taylor tlf. 57 73 61 65

Sekretær

Joy Taylor tlf. 57 73 61 65

Kyrkjevevje

Irene Fløde tlf. 57 73 68 82

Trusopplæringsmedarbeidar

Bente Kandal 975 38 603.

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Joy Taylor tlf. 57 73 61 65

Guddal kyrkje

Liv Svanhild og Reidar Langeland

tlf 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad

Bedehuskapell

Sigrid Kleppe tlf. 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf 57 73 55 95

Graving

Reidar Langeland tlf. 57 73 88 21

Beredskapstelefon ved akutt behov
utanfor kontortid 95 48 31 52

Hausttur til Sunnmøre

Jentene frå 5. årssteg gjer seg klare til å leie kora i vekselsongen "Gud, i ditt hus."

På konserten i Sykkylven kyrkje song Dale barnekor og dei store jentene frå Guddal familiekor med Korkjekt i to fellesnummer, dirigert av Kantor Mark Taylor.



Neste stopp var Atlanterhavsparken i Ålesund. Her viser Cecilie fram ei sjøstjerne.



Etter shopping på Moa og pizzafest gjekk nokre på kino mens andre kosa seg med gymnastikk, film eller veggklatring i Spjelkavik kyrkje.



Det er tredje gongen Dale barnekor har sunge i Spjelkavik kyrkje. Med 6 dåpsbarn og konfirmantpresentasjon, imponerte koret (med god hjelp frå Guddaljentene) ei fullsett kyrkje.



Barna hadde det gøy på aktivitetsrommet med fisking etter krabbe, og fekk lov å ta på sjødyr som hummar, kråkeballar og sjøpølser.



Før heimreise rakk vi ein tur til symjehallen der fleire torde å hoppe frå 5-meteren eller prøvde å "gå på vatnet" eller slå Mark si rekordtid på sklia!

Takk til Rolf, Kjetil, Gro og Margunn som køyrde og passa på ungane slik at denne flotte turen var mogeleg – ei styrkje både for korsongen og korfelleskapet.

Med avisoppslag og gode framføringar gjorde barnekor-songarane frå Fjaler eit godt inntrykk på Sunnmøre!

Tekst Mark Taylor, foto: Gro Fivelsdal